

Gudbrandsdal historielag Dølaringen

PROTOKOLL ÅRSMØTE 2023

Nermo hotell i Øyer syndag 23. april 2023

Årsmøtedagen starta kl. 12.00 med frammøte på Kjørkjeheugen, høgt oppe i bygda på Tretten med omvising og orientering ved Gerd Hausstätter. Etter ei interessant økt her, reiste vi ned til Nermo hotell, der årsmøtelyden vart ønskt velkomen av Øyer og Tretten historielag ved leiar Eldbjørg Gillebo med fleire.

Før sjølve årsmøtet var det kaffe og biteti med orientering av John Nermo - føderådsmann, om utviklinga av Nermo hotell frå ein vanleg gard med enkel gardsturisme til verksemda i dag (medlem av *De historiske hotel og spisesteder*). Etter denne sekvensen orienterte Eldbjørg Gillebo om verksemda til laget Øyer–Tretten historielag. Det var også sett opp ei utstilling som viste gjenstandar frå kyrkjehistoria i Øyer/Kjørkjeheugen.

Etter kaffen vart årsmøtet opna kl. 14.45 av styreleiar Torveig Dahl. Her møtte det 22 personar. 9 lag var representert: Fåberg og Lillehammer, Øyer og Tretten, Gausdal, Ringebru, Fron, Vågå, Lesja og Skjåk, samt Gudbrandsdal slektshistorielag.

Torveig Dahl vart vald til møteleiar, styremedlem Åse Haugstad til referent, og til å skrive under protokollen vart Eldbjørg Gillebo og Nansy Rusten valde.

Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Sak 2 Årsmelding 2022

Årsmeldinga vart gjennomgått av styreleiaren. Under behandling av årsmeldinga kom Geir Beitrusten med ei presisering om at 2023-årgangen er siste årboka han vil vera *eineansvarleg* redaktør for, slik at denne setningen under pkt. 5a) i årsmeldinga får følgjande ordlyd: «Beitrusten har varsla at boka 2023 er siste boka han er redaktør for *aleine*.» Med denne justeringa, vart styret si årsmelding vedteke.

Sak 3 Revidert rekneskap 2022

Den framlagte rekneskapen vart gjennomgått og vedteken.

Sak 4 Årbok for Gudbrandsdalen

Saman med årsmøteinnkallinga låg det føre orientering om situasjonen for årboka, der det er gjort greie for at kostnadene er større enn inntektene, og at salet også har gått noko ned dei seinare åra. Geir Beitrusten har redigert og levert 9 årgangar (inkl. 2023) med flotte og innhaldsrike bøker. Siste året har redaktøren hatt eit ønske om å få med seg ein person til i arbeidet med boka, og fleire har vore spurt, utan at styret har lykkast med å få dette til.

Styret hadde sett opp følgjande punkt til drøfting på årsmøtet:

- A) Kan laga/medlem bidra meir i redaksjonsarbeidet, finne ny redaktør?
- B) Kan laga ta meir ansvar for å vera med og selje bøker?
- C) Kan ei meir aktiv heimeside og fb-side nå fleire kjøparar?
- D) Er 2023 siste årboka vi gjev ut?

Frå møtelyden kom det klar melding om at årboka må halde fram, og at dette er nedfelt i vedtektene. Dersom ein vil leggje ned årboka, så er det årsmøtesak som krev vedtektsendring. Det å gi ut årboka blir sett på som styret/laget si viktigaste oppgåve.

Det vart gjort greie for korleis dei laga som sel godt (t.d. Ringebru), arbeider og organiserer sitt arbeid med sal av årboka i tillegg til sine egne. Frå drøftingane kan ein nemne t.d. å gi rabatt til lagsmedlemmar, at historielaga rundt om kan søke å skaffe fram namn på personar som kan vera aktuelle som med-redaktør, og at det bør utnemnast ein redaksjonskomite. Styreleiar Dahl har lufta ideen om å få til eit samarbeid med Gudbrandsdalsmusea om årboka

Gudbrandsdal historielag Dølaringen

(som det kom framlegg om på førre årsmøtet), men attendemeldinga frå museumsleiinga er at det ikkje er aktuelt på nåverande tidspunkt.

Det kom sterke synspunkt på at ei god og funksjonell nettside må til, og at det kan gjera det enklare både å få marknadsført og seld boka.

Konklusjonen er at styret arbeider vidare med denne saka slik at Årbok for Gudbrandsdalen kan halde fram.

Sak 5 a) Arbeidsplan 2023, fram til ordinært årsmøte 2024

Styret sitt framlegg til arbeidsplan vart vedteke:

- 1) Gje ut Årbok for Gudbrandsdalen 2023 – og avklare situasjonen for årboka
- 2) Få etablert ei ny og funksjonell heimeside
- 3) Vera med-arrangør for Gudbrandsdalsseminaret 2024
- 4) Styrke samarbeidet med lokallaga
- 5) Vera regionlag for *Landslaget for lokalhistorie*
- 6) Vanleg styrearbeid og andre saker som kjem gjennom året.

Sak 5 b) Budsjett 2024

Det framlagte forslaget til budsjett vart vedteke.

Sak 6 Årspengar

Det har ikkje kome framlegg om endring av årspengane, dvs. at medlemskontingenten blir som nå: kr 150,- for enkeltmedlem og kr 500,- for lagsmedlem.

Sak 7 Val

Valnemnda v/ Jon Sylte, Olaug Widme og Oddvar Romundset var alle tilstades, der Jon (leiar) orienterte om valnemnda sitt arbeid, særleg det å skaffe ny leiar etter at Torveig Dahl i god tid hadde varsla om at ho ville si frå seg som leiar. Han presenterte også valnemnda sin kandidat til ny styreleiar, Sæbjørn Forberg frå Skjåk.

Valnemnda si innstilling vart vedteke:		Periode	(vald 1. gong)
Styreleiar:	Sæbjørn Forberg (Skjåk), vald til styreleiar og vald som styremedlem for to år	for eitt år, 2023-2025	(2023)
Styremedlem	Geir Beitrusten (Lillehammer), attvald for 2 år	2023-2025	(2016)
Styremedlem	Åse Haugstad (Lesja), attvald for 2 år	2023-2025	(2021)
Styremedlem	Hildegunn Maria Haanes Ruset (Nord-Fron), ny rest av periode for Kjell Voldheim vald for 2022-24, vald for 1 år.	2023-2024	(2023)
Styremedlem	Rasmus Stauri (Sør-Fron), ikkje på val	2022-2024	(2020)
Varafolk til styret:	1. vara Nansy Rusten (Øyer)	2023-2024	(2022)
	2. vara Arne Halvorsen (Gausdal)	2023-2024	(2021)
Revisor:	Knut Raastad (Vågå), attvald for 1 år	2023-2024	
Valnemnd:	Olaug Widme (Ringebu),	2021-2024, ny leiar	
	Oddvar Romundset (Lesja),	2022-2025	
	Torveig Dahl (Ringebu), ny	2023-2026	

Sak 8 Eventuelt innkomne saker

Det var ingen innkomne saker.

Alle vedtak og val var samrøystes.

Møteleiaren takka for møtet. Den nye leiaren Sæbjørn Forberg sa litt om seg sjølv og sitt forhold til GHD, som mangeårig medlem av Dølaringen og nå også Skjåk historielag. Møtet vart heva kl. 16.00.

Protokollen er gjennomgått og godkjent.

Lesja og Øyer mai 2023

Åse Haugstad (referent)
Sign.

Eldbjørg Gillebo
sign.

Nansy Rusten